

Vedlegg 2 - Krav om tilleggsutgreiingar, tilleggsinformasjon og alternativsvurderingar

I perioden mai – august har det komme fleire innspel frå ulike styresmakter og forvaltningsorgan med ansvar for villrein med krav om meir informasjon og nye vurderingar:

13.05.2024 frå Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR)

24.06.2024 frå Suldal kommune

03.07.2024 frå Røldal Fjellstyre

09.07.2024 frå Ullensvang kommune

20.08.2028 frå Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet

Det blir m.a. peika på manglande kunnskap og vurdering av

- korleis villreinen på Hardangervidda blir påverka
- den faktiske og noverande bruken til villreinen av isen på Holmavatnet og vandringshinder Holmavassåno og Tverrå villrein og alternativsvurdering av utbygging utanfor verneområdet
Votna (viktig vinterbeite), E134 (framtidig Vågsli-Seljestad/Dyrskartunnelen) og villrein: Pumpeverket vil innebere hyppigare svingingar i vasstanden i Votna, meir oppsprokken is og overvatn langs land, noko som vil bidra til å redusere moglegheitene til villreinen for trekk over isen på Votna vinterstid (utveksling/trekk mellom SVR og SA og HDV). Området rundt Votna er generelt eit vanskeleg trekkområde for villreinen og kan bli ytterlegare forverra av dette. Effekten av at E134 forsvinn som følgje av ny veg må greiast ut.
- simulering av kva det vil bety med endra isforhold på Holmavatnet og Votna med metodikken Oneimpact. For Votna må det også simulerast kva det betyr å fjerne E134 Rogaland, Agder og Telemarkvinterstid (for å sjå vegen i samanheng med regulering av Votna og total belastning)
- Erosjon i reguleringsmagasin i Grubbedalen. Erosjonsskadar gjer at stiar og dyretråkk har rasa ut (årvisst)